



Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 2/2017

Dato: 19.06.2017

Tidspunkt: 19.00

Stad: Foajeen, gymsal Vinjar skule

Til stades: Arne Vold, Øyvind Gjuvsland, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Jon Bråtveit, Vidar Jørgensen Nærheim, Else Kristin Krogh, Kathrine Lyngstad Kroken, Tor Inge Bråtveit og Kristine Bøe Berge

Forfall:

Andre til stades:

Sak 9/17 Godkjenning av innkalling og protokoll

- Førre protokoll godkjent utan merknader.
- Innkalling godkjent utan merknader.

Sak 10/17 Orientering frå leiar v/Arne Vold

- Suldal idrettslag v/Arne Vold har søkt om midlar frå flyktningfond til Noregs idrettsforbund. Har fått innvilga søknaden som skal nyttast til integrering.
- Motorsportklubben er formelt nedlagd.
- Innspel til bandtvang frå Suldal IL er teke med og skal ut på høyring.
- Førespurnad på om Suldal Idrettslag deltek på TV-aksjonen. Styremøte er positiv.
- Reklameskilta på fotballbanen er fornya. Har i tillegg fått ein ny sponsor.
- Kompetansehevande kurs for økonomi for idrettslag? For Suldal er det Silje som eventuelt er aktuell.
- Førespurnad frå ny leverandør på drakter. Suldal IL handlar som tidlegare lokalt.
- Arne har kontakta Sparebank 1 om fornying av avtalen. Dei skal koma tilbake med forslag.

Sak 11/17 Orientering frå trimgruppa v/Tor Inge Bråtveit

- Gubbatrimmen har teke sommarferie.
- Volleyballen tek sommarferie.
- Skogstrimmen; korleis skal ein organisera vedlikehaldet med merking, rydding/kvisting, bruer, bøker og liknande? Me har 8 bøker. Me har som mål å halde stiane, og vurderer innspel frå turgåarar.

Sak 12/17 Orientering frå økonomigruppa v/Else Kristin Krogh

- Tilbakemeldingar frå publikum, spelarar og føresette på at det kjekt med kioskalet i Prestavikjo. Lagar ei ny liste for hausten for kven som skal ha ansvaret for kiosken frå gong til gong.



- Petra og «aerobic gjengen» har vaska ned Gullinghuset i starten på juni. Dei tek gjerne på seg ansvaret for dette til neste år også.

Sak 13/17 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Odd Åsgeir Lunde og Geir Bjarte Hoftun har teke på seg ansvaret for fotballbanen (vedlikehald o.l.)
- Ola Fisketjøn skal laga ei ny rekkje benker i Prestavikjo.
- Vedlikehald i skråninga rundt fotballbanen og grusen; det vil bli organisert dugnad rundt dette arbeidet.
- Lån av buss frå Suldal Billag får mykje skrøyt frå lagleiarar.
- Me får dommarar til alle kampar. Har arrangert dommarkurs med 14 deltakarar.
- To lag (12- og 13-åringar) med på cup på Tau.
- To lag på Sentrumscup i Sauda.
- Miniknott utan hovudtrenar. Mikkel og Tommy B.H. er faste, elles rullerar det på andre.
- G15 mista sin trening. Arne Vatland har teke på seg eit ansvar. Har hatt med seg nokre andre.
- Resultata er det varierende i kretsseriane, frå store tap til store sigrar.

Sak 14/17 Orientering frå styremedlem v/Øyvind Gjuvslund

- Har henta inn politiattestar. Ventar framleis på nokre. Dei ulike laga sender ut purring til sine trenarar.

Sak 15/17 Orientering frå barneidrettsansvarleg v/Vidar Jørgensen Nærheim

- Har gjennomført e-læringskurs til idrettsforbundet for barneidrettsansvarlege; anbefaler dette for dei som er trenarar. Vidar sender ut ei oppmoding med lenke til dei som er trenarar. Idrettsforbundet arrangerer også utvida kurs for trenarar. Kan vera interessant for alle idrettslaga i Suldal Kommune og blir spelt inn i idrettsrådet.

Sak 16/17 Orientering frå kasserar v/ Silje Færøy

- Leverar frå seg billag til Tveit, slik at ein får ein oversikt for dei fyrste 5 månadane.
- Framleis ein del som ikkje har betalt kontingent. Dei ansvarlege tek dette med til eigne lag.
- Sjekkar avtale for nedvask av Gullingen.

Sak 17/17 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Rulleskitrening har bra oppmøte. Har kjøpt inn 10 ekstra par med rulleski. Stig Morten Nerheim og Sverre Vik har ansvar for dei eldste, Torill Telstad og Ingvild Odden har ansvar for dei yngste.
- Fleire frå Suldal IL skal delta på Blink og Lysebotn opp.
- Avtalane på tilsynsavtalane på Gullinghuset går ut. Per Even har vore i møte med Tormod Hoftun i Suldal Kommune. Kommunen ynskjer å halda fram med avtalane, men Suldal IL ynskjer å trekkja ut månadane juni, juli og august på det nye toalettbygget frå avtalen, då ein



her må pårekna vask dagleg grunna auka bruk. Inntil vidare har Suldal idrettslag ansvaret fram til Suldal Kommune har på plass ein annan avtale. Fornyar dei andre avtalane frå hausten.

- Suldal idrettslag får bruka gamle toalettbygget til fri disposisjon. Det vil utarbeidas eigen avtale på dette.
- Førespurnad frå Suldal Kommune på om me er interessert i å ta ansvar for flagging på skulen og Vinjarheim mot ein kompensasjon. Suldal IL stiller seg positiv.
- Team Ryfylke er under etablering som eitt nytt lag med tanke på unge seniorløparar i sone Ryfylke, som ønskjer å satsa vidare. Har 3 hovudmål:
 - Leggje til rett for at unge seniorløparar kan ha økonomiske og sportslege føresetnader for å kunne satse vidare etter junioralder.
 - Setja Ryfylke på langrennskartet, representera sonen/klubbane på ein god måte i både store og små renn
 - Bidra til rekruttering i dei involverte klubbane og Ryfylke generelt, samt rekruttere løparane på laget vidare til større lag som t.d. Veidekke eller større privatlag. Mål om at laget blir ståande i mange år, motivasjon for ungdoms- og juniorløparar og satsa vidare.

Laget har ein førespurnad om sponsormidlar frå idrettslaget og dekking av ein eventuell eigenandel for dei aktuelle løparane. Styret i Suldal Idrettslag vedtek å avventa handsaming av saka til årsmøte for 2017, og går derfor i denne omgang ikkje inn med sponsormidlar.

Suldalsosen, 21.06.17

Kristine Bøe Berge, skrivar